



# Styremøte

---

## Tid og stad:

Tysdag 9. desember 2014 kl. 18.00 i Fløda hos Anne Bjørg.

## Saksliste:

1. Nissemarsj
2. Årsmøte
3. Klubbhusprosjektet
4. Innbrotet på klubbhuset
5. Eventuelt

## Desse var til stades:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor
Nestleiar	Endre Vorren
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor
Kasserar	Svein Helge Bringsvor
Styremedlem	Knut Olav Skare

## Referat:

**Sak 1:** Nissemarsj arrangerast tysdag 16. desember frå Oshaugane tur/retur Vorren. Mandarinar, peparkaker og faklar vert kjøpt inn. Påmelding 25 kr, inkluderer det som er å bite i – faklar seljast separat. EV prøver å få tak i eit tjuetals faklar.

**Sak 2:** Årsmøte fredag 6. februar 2015. ABB tek kontakt med valkomiteen. Oppslag/informasjon rett over nyttår.

**Sak 3:** Vi har fått tilbod på material frå Nystøl & Fagerhol AS. Dette inkluderer byggevarer, ventilasjon, prosjektering og byggesøknad. Pris inkludert MVA på kr 566.982,50. NB! Dette inkluderer ikkje arbeidspengar, elektrikar- og røyrleggjararbeid. EVB gir beskjed til NF om å gå vidare i prosessen.



**Sak 4:** Ny ytterdør er kjøpt og levert til klubbhuset. Innerdør er bestilt, men ikke levert. Skifte av dør(ene) på nyåret.

Dersom ikke pengane frå innbrotstjuven er komne på konto innan 5. januar, skriv vi brev med beskjed om at dette må gjerast omgåande.

**Sak 5:** Interesse for skøytebane, men fått beskjed om at det må søkjast om løyve før denne kan lagast til. I tillegg skepsis pga. tryggleiken. Vi meiner FAU kan søkje om dette, sidan det ikke er snakk om pengestøtte.

Neste styremøte vert tysdag 20. januar kl. 18.00.

Møtet var slutt kl. 19.30.